

KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 2 - SEPTEMBER 2017

22. ÅRGANG



Kyrkjene våre

Den vesle katekisma med Luthers forklaringar



ANDRE DELEN – TRUA

Med nokre forklaringar som gjer oss betre kjende med kven Gud er, og kva han har gjort og gjer for oss.

FYRSTE ARTIKKELEN

Om Skaparen og det han har skapt.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige, som skapte himmel og jord.

Kva tyder det?

Eg trur at Gud har skapt meg og alle andre skapningar. Han har gjeve meg kropp og sjel, vit og sansar, og held alt dette ved lag. Han gjev meg klede og skor, mat og drikke, hus og heim, ektemake og born, åker og fe, og alt det eg treng frå dag til dag. Han verner meg mot all fare og vaktar meg mot alt vondt. Alt dette gjer han av berre faderleg godhug og guddommeleg miskunn utan at eg har fortent det eller er verdig til det. For alt dette skyldar eg å takka og lova han, og tena og lyda han.

ANDRE ARTIKKELEN

Om Frelsaren og hans frelsesverk

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den Heilage Ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydde og vart gravlagd, før ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, før opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Kva tyder det?

Eg trur at Jesus Kristus er min Herre, sann Gud, fødd av Faderen frå æva, og sant menneske, fødd av Maria møy. Han har etterløyst meg, fortapte og fordømde menneske, frikjøpt og frelst meg frå alle synder, frå døden og djævelens makt, ikkje med gull og sølv, men med sitt

heilage og dyre blod og med si skuldlause lidning og sin død. Dette har han gjort så eg skal vera hans eigen, leva under han i hans rike og tena han i evig rettferd, skyldløyse og sæle, liksom han er oppstanden frå dei døde, lever og råder i all æve.

TREDJE ARTIKKELEN

Om Den Heilige Ande og korleis han gjer heilag

Eg trur på Den Heilage Ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

Kva tyder det?

Eg trur at eg ikkje av eige vit eller eiga kraft kan tru på Jesus Kristus, min Herre, eller koma til han. Men Den Heilage Ande har kalla meg ved evangeliet, opplyst meg med sine gåver, helga meg og halde meg fast i den sanne trua. På same måte kallar, samlar, opplyser og helgar han heile den kristne kyrkja på jorda, og held henne oppe hjå Jesus Kristus i den eine sanne trua. I denne kristne kyrkja gjev han meg og alle truande dagleg forlating for alle synder. På den siste dagen skal han vekkja opp meg og alle døde, og gje meg og alle som trur på Kristus, eit evig liv.

Luther-rosa

Luther-rosa, som er blitt et symbol for de lutherske kirkene over hele verden, var opprinnelig et segl som ble utformet for Martin Luther i 1530.



Luter-rosa er Martin Luthers personlege segl frå 1530. Rosa er blitt eit symbol for den evangelisk - lutherske kyrkja over heile verda.

Krossen i hjartet symboliserer trua på den krossfeste Jesus Kristus. Det raude hjartet viser til liv og kjærleik, medan den kvite rosa representerer glede og fred. Blåfargen reflekterer den himmelske herlegdom og ringen av gull er teiknet på æve og uendeleg rikdom.

Troen alene

Av Inger Marie Lillevik

«*Fordi du har fortjent det!*» Ordene fra reklamen lyser mot meg. Jeg fortjener den fine hudkremen eller spa-helga på det vakre hotellet.

Akkurat hvorfor jeg har fortjent det, sier ikke reklamen noe om. Men når jeg tenker meg om, så er det jo vel fortjent, med tanke på alt jeg har å stå i med i hverdagen, der jeg stiller opp både her og der.

Joda, noen ganger er det lett å finne gode argumenter for å ha gjort seg fortjent til både det ene og det andre. Men egentlig er det en ganske vanskelig målestokk å bruke. For jeg har også møtt det fortvilte spørsmålet: «Hva har jeg gjort for å fortjene dette?» - når problemer, ulykke eller sorg rammer. Andre ganger faller ordene: «Han fikk bare som fortjent».

Felles for alle disse situasjonene er at vi lager en sammenheng mellom handlingene våre og det som møter oss av hendelser i livet.

Det er lett å ta med seg samme tankegangen også i møte med Gud. At det vi gjør i livet, er det som blir avgjørende for hvordan Gud ser på meg. Hvordan kan jeg gjøre meg fortjent til Guds frlse? Hva har jeg å legge i potten? Joda, det stemmer nok at jeg av og til stiller opp og bryr meg om mennesker rundt meg, gjør gode ting for andre og prøver å være en neste for noen som trenger det. Men jeg vet at like sant er det også at jeg mange ganger svikter, tenker mer på meg selv enn andre og går forbi når jeg burde stoppet og rakt ut en hjelpende hånd. Hvordan blir regnestykket da?


For 500 år siden gikk en mann rundt og jobbet med et lignende regnestykke - og han fikk det ikke til å gå opp. Mannen var Martin Luther. Tanken om at frelsen skulle være avhengig av gjerningene hans, ble til fortvilelse og smerte hos Luther. Hvordan kunne han finne en nådig Gud? Luthers spørsmål og grubling sendte han ut på leting i Bibelens skrifter. Og det han fant, snudde opp ned på livet hans og ble starten på det som i ettertid omtales som reformasjonen.

En av hovedoverskriftene som har blitt stående igjen etter Martin Luther, er ordene «Troen alene». For på sin leting etter en nådig Gud fant Luther svar.

«For av nåde er dere frelst, ved tro. Det er ikke deres eget verk, men Guds gave.» (Ef 2,8)

«Den rettferdige skal leve ved tro» (Rom 1,17)

Ved *tro*! Frelst ved tro. I møte med Gud er det ikke hva jeg har gjort som teller. Men hva Jesus har gjort. Fokuset flyttes fra meg og over på Jesus. Frelst på grunn av Jesus! Fordi jeg har fortjent det? Nei, det er en gave, Guds gave til oss, gitt i kjærlighet. Denne kjærligheten er en kjærlighet som setter oss i bevegelse. Den sender oss ut til andre - for å gjøre det gode. Ikke for å samle poeng i himmelen, men for å leve troens liv. Frelst ved tro og fri til å gjøre det gode.



Vår Gud han er så fast ei borg

Av Martin Luther (1483–1546) (Omsett av Elias Blix)

Vår Gud han er så fast ei borg, han er vår skjold og verja.
Han hjelper oss i all den sorg og naud som vil oss herja.
Vår gamle fiend sterk med alvor gjer sitt verk.
Stor makt og mangfald list, det er hans våpen visst.
På jord er ei hans like.

Med eigi makt me inkje vann, det fekk ein usæl ende.
Men med oss går den rette mann, som Herren sjølv oss sende.
Hans namn det veit du visst: Han heiter Jesus Krist,
Gud Sebaot han er og Frelsar for vår verd.
Han sigeren skal vinna.

Om verdi full av djevlar var som ville reint oss glupa,
me ingen otte i oss bar, dei skulle alle stupa.
Og fyrsten for den hær, kor arg han enn seg gjer,
oss inkje skada kan. Han er ein maktlaus mann.
Eit ord, og han vil falla.

Og ordet skal dei lata stå, og berre vantakk finna.
Med oss er Gud, og visst me må ved Andens gåva vinna.
Og tek dei enn vårt liv, oss bort frå heimen riv,
lat fara alt, for sjå, dei sigrar ei endå.
Guds rike vårt skal vera.

Ordforklaringer: *Sebaot*: den allmektige, *glupa*: sluke

Denne salmen, som er den mest kjende av alle salmane til Luther, er skriven mens striden rundt reformasjonen rasa som hardast. Under ein riksdag i Speier våren 1529 vart det vedtatt

eit opprop mot reformasjonen. Ei gruppe evangeliske fyrstar nekta å slutte seg til dette oppropet, og etter denne protesten blei dei kalla protestantar. Salmen må ha blitt skriven ein gong på 1520-talet, og er ei fri gjendikting av Salme 46 i Det gamle testamentet. Det er sagt at Martin Luther under reformasjonsstriden song salmen kvar morgen for opne vindauge.

(Kjelde: Wikipedia)

Ved Audbjørg Gjerde Lippert



Dei 95 tesene på døra til Slottskyrkja i Wittenberg.

Ettermiddagskafé på Kyrkjestova i Tresfjord

Tirsdag 12. september kl.16.00 – 18.00

Tirsdag 03. oktober kl.16.00 – 18.00

Tirsdag 24. oktober kl.16.00 – 18.00

Tirsdag 14. november kl.16.00 – 18.00

Tirsdag 05. desember kl.16.00 – 18.00

Inga påmelding, her er det berre å møte opp! Treng du skyss til ettermiddagskafé? Ring då til Silje Sylte på telefonnr.: 950 93 306. Ta kontakt i god tid så det kan samkjørast på best muleg måte.

Omsorgstilbodet er eit samarbeid mellom Tresfjord Røde Kors og Tresfjord sokneråd.



En uttalelse fra Bispmøtet ved 500-årsmerkingen av reformasjonen

I 2017 er det 500 år siden Martin Luther skrev sine 95 teser mot avlatshandelen. Hendelsen utløste den rekken av begivenheter som vi kaller reformasjonen. Under overskriften «*Frigjort ved Guds nåde*» vil Den norske kirke og den lutherske kirkefamilie løfte fram den gode kjernen i arven etter Luther: Hans forståelse og formidling av evangeliet om Guds betingelsesløse nåde og barmhjertighet.

Dette er et godt budskap også for mennesker i vår tid. Mange, ikke minst ungdom, lever under store krav. Vi kjenner presset fra egne og andres idealer om kropp, utseende og sosial status. Tilværelsen blir et strev for å lykkes på alle arenaer. Fokuset rettes mot egen innsats og enhver er sin egen lykkes smed. Dette svarer på mange måter til Luthers utgangspunkt i kampen for å komme i et rett forhold til Gud. For mennesker som opplever livet slik, er evangeliet om nåden et budskap som gir frihet.

Luther hadde sin bakgrunn i en teologisk tenkning der menneskets frelse ikke bare var avhengig av Guds nåde, men også av egen innsats i form av gode gjerninger, bønner og fromhetsøvelser. Langs denne veien fant han ingen fred, selv ikke da han som munk i klosteret kunne vie seg helt og fullt til det åndelige livet. Uansett hvor hardt han prøvde, twilte han på om hans tro og fromhetspraksis holdt mål for Gud.

Luther fant først fred med Gud da han forstod at han ikke ble rettferdig for Gud gjennom gode gjerninger, men bare ved å ta imot gaven som Gud gir gjennom Jesus Kristus og det han gjorde for oss. Da Jesus døde og stod opp av graven, overvant han synden, døden og djevelen og satte oss fri.

Vi kjenner ødeleggende krefter både i våre egne selvsentrerte liv og i verden rundt oss. Mange holdes stadig nede i fattigdom og urettferdighet. Vi krenker våre medmennesker og skaperverket, og dermed Gud, i tanker, ord og gjerninger. Men Kristus har ved sin død og oppstandelse forsonet oss med Gud. Guds nåde er den kjærighet som tilgir og som kan gjenopprette det vår ondskap og unnfallenhet har ødelagt.

Denne nåden er uten betingelser. Den er en gave som vi får ta imot i tro og tillit. Paulus skriver i Romerbrevet: «Den rettferdige skal leve ved tro» (Rom 1,17), og Luther beskriver det sentrale i sin teologi slik: «....at vi ikke ved gjerninger, men gjennom troen på Kristus blir rettferdige og salige».

Martin Luther levde i en annen tid og kjempet med spørsmål som er forskjellige fra våre. Ikke desto mindre bærer mennesker i dag også på en lengsel etter å være sett og elsket, etter et håp som gir mening og livsmot. Denne lengselen får sitt sanneste og dypeste svar i evangeliet om Guds nåde. Det viktigste i livet er ikke det vi får til, men det vi får.



Som biskoper i Den norske kirke erkjenner vi at kirken som institusjon og i møte med enkeltmennesker ikke alltid har representert trygghet, respekt og kjærighet for alle. Reformasjonsåret 2017 gir oss mulighet til å fornye formidlingen av Guds nåde og barmhjertighet både i ord og handling. Gud vil fellesskap med oss som sårbare, syndige og ansvarlige mennesker. Gud vil helbrede oss, forsoner oss med seg selv og med hverandre, og reise oss opp til et liv i tro og tjeneste. For oss som kirke betyr det å holde frem:

- at hvert menneske er skapt, sett og elsket av Gud; menneskets verdi er ukrenkelig,
- at vi ved dåpen og troen på Kristus får tilgivelse for våre synder, forenes med vår himmelske Far og blir hans barn. Frelsens grunnlag er Guds nåde alene,
- at Guds barmhjertighet overfor oss innebærer et kall til å leve ut den samme barmhjertighet i møte med medmennesker og i ansvar for skaperverket.

Den norske kirkes fremste oppgave er å forkynne evangeliet om Guds nåde i Jesus Kristus. Dette evangeliet har vi felles med kristne i andre kirkessamfunn, også i den katolske kirke. Vi ser derfor frem til en markering av reformasjonsåret i den kristne enhetens tegn. Vår bønn er at denne markeringen vil bidra til å gi nåden og barmhjertigheten større rom både i kirken og i samfunnet.

Bispemøtet, januar 2017

Kyrkjebygg og kyrkjekunst etter reformasjonen

Av Per Audun Høgset

Dei første hundreåra etter Jesu fødsel var ikkje behovet for eigne bygg der dei kristne kunne møtast så stort. Likevel dukkar bilete og skulpturar opp i ulike samanhengar, til dømes i katakombar og sarkofagar. Dette var svært ofte knytt til trua på oppstandelsen. Etter som kristendommen vann fram og tilhengarane vart fleire, veks det fram eit behov for eigne lokale for tilbeding og praktisering av ulike liturgiar. I desse gudshusa dukka det snart opp kunstverk av ulikt slag. Grovt sett kan ein dele funksjonen desse har, i tre funksjonar. Kunsten i kyrkjebygg skal gjere bygga vakre, dei er førebilete som vi kan følgje, og dei har ein didaktisk funksjon (opplæring). Pave Gregor den første (540 – 604 e. Kr) var oppteken av at kunsten skulle lære folk moral og guds frykt. I tillegg uttrykte paven at «et

bilde vises i kirkene slik at analfabeter i det minste kan lese, når de ser på veggene, det de ikke kan lese i bøker».

Synet på kunst i kyrkjebygg førte tidleg til splitting, bitre og til dels blodige kamper. Striden stod mellom dei som hevda at Gud sjølv var den største kunstnaren av alle, han hadde skapt oss i sitt bilet og late seg avbilde på ein spesiell måte i Jesus, og dei som med utgangspunkt i mellom anna dei ti boda og bibeltekstar frå det gamle testamentet meinte at Gud sjølv hadde lagt ned forbod mot å nytte bilet i gudstenesta av det som skjedde i himmelen, på jorda og under jorda. Dei mest ekstreme tilfella av såkalla ikonoklasme (rasering/øydelegging av kunst) i kyrkjebygg finn stad mellom år 726 – 843 e. Kr og etter reformasjonen.



Dommedag, Michelangelo.

Luther hadde i utgangspunktet ikkje noko spesielt syn på biletbruk og utsmykking i kyrkjebygg. Helgendyrking stod sentralt, samstundes som dei storlagne og rikt utsmykka kyrkjebygga skulle understreke paven og den katolske kyrkja si makt. Luther og hans tilhengrar var av den oppfatning at dette var avgudsdyrkning, og at det sentrale måtte vere einskildmennesket si tru på Gud. Helgenbilete, reliktar, avlat og pavemakt vart altså ein veg vekk frå Gud etter reformatorane sitt syn.

Nokre gjekk så langt at ein ikkje ville ha bilete og skulpturar i kyrkjene i det heile tatt. Etter fleire hendingar i Wittenberg i 1522 der folk tok saka i eigne hender og reinska fleire kyrkjer for alter og kyrkjekunst, følte Luther at han måtte tone flagg i denne saka. Han skisserte ein gyllen middelveg der han poengterte at det var bruken av bileta som var avgjerande. Dersom bilet og anna kyrkjekunst vart dyrka som avgudsbytt, skulle dei fjernast. Dersom dei hadde ein pedagogisk funksjon og tente som illustrasjonar til Guds ord, var det ingen grunn til at dei skulle fjernast. Avgjerande vart altså bruken av kyrkjekunsten. Likevel var det fleire som ikkje delte Luther sitt moderate syn. I 1524 vart alle kyrkjene i Zürich reinska for alt av kunstverk etter ordre frå ein annan av reformasjonen sine leiarar, Ulrich Zwingli (1484 - 1531, sveitsisk reformator). Orgel og alter vart teke vekk, salmesong vart forbode og gudstenestene skulle heretter berre ha skriftlesing frå Guds ord, preike og bønn. Både han og Jean Calvin (1509 - 1564, fransk/sveitsisk reformator) meinte at all kyrkjekunst måtte fjernast fordi det kunne føre til avgudsdyrkning og svekke trua på Gud. Calvin og Zwingli rekna som grunnleggarane av den reformerte kyrkja som mellom anna er særprega av at kyrkjebygga er «reine», det vil seie utan noko form for kunst. Biletet under viser ei reformert kyrkje i Sveits.



Målaren og grafikaren Lucas Cranach (1472-1553) vart ein nær ven av Luther. Mot slutten av livet sitt var han svært påverka av Luther sitt syn på bilet som skulle brukast i kyrkjebygg. Cranach sine bilete står i sterkt kontrast til verka til italienske kunstnarar som Michelangelo, som vi mellom anna kan sjå i Det sixtinske kapell (t.d. Dommedag). Cranach sine bilete er enkle, ukompliserte og manglar djupne. Dei gjev eit slags urealistisk preg. Bileta blir meir som illustrasjonar av den bibelske bodskapen. Ofte er det sitat frå Bibelen i bileta, og dette forsterkar den pedagogiske funksjonen.



Som døme på eit luthersk motiv og tema kan ein vise til Cranach sine målerier av Kristus som velsignar borna (Markus 10, v.14). Måleria er også med på å understreke Luther sitt syn på dåpen. Kristus anerkjenner borna sin rett til Guds rike.

Luther hadde også klare synspunkt på korleis kyrkerommet skulle vere. Sidan forkynning av Guds ord var meir sentralt i gudstenesta, vart prekestolen meir dominante, i tillegg til at alter og døypefont vart sterke framheva, og det vart sett inn benkar for at forsamlinga kunne sitte og lytte. I mange av dei gamle kyrkjene frå katolsk tid der Luthers lære no tok over, vart sidealter og helgenbilete fjerna. I dag, 500 år etter at reformasjonen starta, kan vi kort slå fast at variasjonen i kyrkjebygg og kyrkjekunst er stor, men som dengong er dette gjenstand for diskusjon og sterke meininger. Eit norsk døme på dette er Steinkjer kyrkje, bygd som ein basilika i 1965, der kunstnaren Jakob Weidemann (1923-2001) skapte debatt med sitt nonfigurative måleri på veggen bak alteret. Weidemann er også ansvarleg for dei vakre glasmåleria, medan bronsekrusifikset er laga av bilethoggaren Sivert Donali (1931-2010).



Glede over hausten uttrykt i salme 65,10-14



Du gjestar jorda og lèt henne drikka djupt, du gjer henne overdådig rik. Guds bekke
er full av vatn, du sørger for kornet, ja, såleis sørger du for henne. Du vatnar førene,
jamnar plogveltene, med regnskurer gjer du jorda mjuk, du velsignar hennar grøde.
Du kronar året med dine gode gåver, spora dine flyt over av rikdom, beita i øydemarka
flyt over, haugane smykkar seg med jubel. Markene kler seg med sauher, dalane sveiper
seg i korn. Dei roper av glede, dei syng.



Mikkelsmess og hausttakkefest

Mikkelsmess var ein viktig religiøs høgtidsdag i Norge, og fram til 1771
var 29. september ein heilagdag. Dagen blei feira til minne om erke-
engelen Mikael. Etter dei eldste lutherske tradisjonane i Norge, skulle
denne dagen også feirast som ein hausttakkefest. Ein skulle då takke Gud
for maten ein fekk frå marka. Ein feirar no hausttakkefest på søndagen før
eller etter Mikkelsmess, svært ofte med familiegudsteneste.

Til Mikkelsmess skulle heile avlinga vere i hus, buskapen henta frå
setrene og sauene samla og ført ned frå fjellet. Etter kvart mista haustfesten
si betydning her til lands, og i 1771 blei dagen oppheva som heilagdag.
Likevel blei han feira lenge etterpå som halv heilagdag i mange bygder.
Hausttakkefest er ein kyrkjelig fest som har blitt feira i kyrkja sidan 1899.
Han blir feira ein søndag eller ein kvardag etter innhaustinga, - ofte i
samband med Mikkelsmess. Kornnek, grønsaker, frukt og blomster blir
tatt inn i kyrkja under gudstenesta. Både *Tekstbok for Den norske kyrkja*
(1918) og *Ny høgmesseliturgi* (1977) har eiga kollektbøn og eigne tekstar
til gudstenesta ved hausttakkefesten.



Grøn kyrkjelyd

Av Håkon Lindahl

Klimaendringane rammar oss allereie. Menneske, dyr og plantar strevar fordi livsgrunnlaget er i endring. Forskarane slår fast at det kjem av levetiden vår, og minner oss om at vi må skifte kurs. Som kyrkje er vi kalla til å vere gode forvaltarar av skaparverket og Jesu Kristi etterfølgjarar. Kva betyr det konkret for oss i dag? Korleis kan vi tenkje globalt og handle lokalt? I dette kyrkjebladet tek vi med ein artikkel frå «Framtiden i våre hender», som ansvarsgruppa for grøn kyrkjelyd håper kan gje inspirasjon til vidare arbeid. Å vere grøn kyrkjelyd er ein prosess der ein stadig må fornye engasjementet og alltid ha nye målsetjingar å strekke seg etter.

Slik kutter du klimautslippene mest

Er det kjøttet, bilkjøringen eller flyreisene dine som er verst for klimaet? Denne guiden gir deg svaret.

Av Håkon Lindahl


16.01.2017



Norge skal kutte minst 40% av klimagassutslippene innen 2030. Veien til fornybarsamfunnet innebærer raske kutt i alle utslipps-kilder. Nordmenn har langt på vei forstått alvoret i situasjonen. I følge TNS Gallup sitt Klimabarometer for 2016 er to av tre nordmenn oppatt av hva de selv kan gjøre for å redusere sin egen belastning på klimaet, og kun 16% oppgir at de ikke har gjort noen ting for å redusere sin klimapåvirkning. Samtidig er mange usikre på hva de bør gjøre. Kildesortering, redusert innetemperatur og redusert forbruk de klimatiltakene flest oppgir at de har gjennomført det siste året. Men er det disse tiltakene som har størst effekt?

Ulik effekt, ulik innsats

Det er stor forskjell på effekten av ulike tiltak, men også hvor vanskelige og dyre de er å gjennomføre. Noen ganger er det slik at relativt små endringer og enkeltbeslutninger kan ha stor klimaeffekt, mens vanligvis er det omvendt. Små handlinger har generelt liten effekt, mens store livsstilsendringer har stor



effekt. Det finnes dessverre ingen veldig enkle ting du kan gjøre som på magisk vis vil redusere klimafotavtrykket ditt mye.

Noen konklusjoner:

* Å kjøre mindre bil er det hverdagstiltaket som gir størst klimaeffekt. Selv en moderat reduksjon i bilkjøringen (2.000 km i løpet av et år; gjennomsnittlig kjørelengde er rundt 13.000 km per bil per år) gir relativt stor gevinst.

* Redusert kjøttforbruk gir ganske store kutt i klimagassutslippene, men du må kutte mer enn en dag i uka for at det skal monne.

* Innetemperatur har også klimapåvirkning, avhengig av hvor mye man kutter. I dette eksempelet har vi brukt en relativt liten reduksjon i innetemperatur (en grad i gjennomsnitt). En større reduksjon vil gi større effekt.

* En enkelt flyreise (tur/retur) har såpass stor effekt at det slår betydelig ut i oversikten, selv om det her er snakk om en relativt kort reise (Oslo-Bergen tur/retur).

* Kildesortering har en viss klimaeffekt, men det er ikke det viktigste enkeltiltaket. Kildesortering har imidlertid viktige miljøgevinster utover klimagevinsten, noe vi kommer tilbake til lenger ned i notatet.

Jeg er en seiler på livets hav

Av Henry Albert Tandberg (1909)

Jeg er en seiler på livets hav, På tidens skiftende bølge.
Den Herre Jesus meg kurser gav, Og denne kurs vil jeg følge.
Jeg stevner frem mot de lyse lande
Med livsens trær på de skjønne strande,
Hvor evig sol og sommer er.

I blandt jeg seiler for medvinds bør I andres kjølvann og følge,
Som just lik meg denne reise gjør Hen over jordlivets bølge.
Og havet smiler, og solen skinner,
Min dag så stille og blid henrinner,
Mens vinden fyller alle seil.

Men ofte ensom i brott og brann I uværsnetter jeg seiler,
Da ingen kjenning jeg har av land, Og intet fyrtårn jeg peiler.
Men når jeg nær tror mitt skip begravet,
Da kommer Jesus på bølgehavet,
Om først i siste nattevakt.

Mitt skip er lite og havet stort. Det rommer tusener farer.
Men storm og bølge ei skyller bort Det skip som Herren bevarer.
For ennå skjer det somfør det gjorde,
Når Jesus selv kommer innen borde:
Da legger havet seg igjen.

Når siste storm er en gang ridd av Og hjemmets kyster jeg skimter,
Jeg ser i solglans et annet hav, Krystall som funkler og glimter.
Jeg skuer portenes perlerader
Og hører englenes myriader
Som hilser meg velkommen hjem.

La ankret falle! Jeg er i havn I ly for brenningens vover!
Jeg kaster meg i min Frelsers favn, Han som har hjulpet meg over.
Og kjente, elskede stemmer kaller,
Mens ankret sakte og stille faller
I evighetens lyse land.



Glimt frå vårens aktivitetar i trusopplæringa!

Av Ingvild Venås Sánchez



I Tomrefjord var kyrkja på tur med 4.klassingar ein stor suksess. Her gjekk turen ned til Osen og deretter til Tomrefjord Kristne Forsamlingshus. Tomrefjordjentene laga kunst av det dei fann i naturen.



Tomrefjordgutane laga eit tårn med steinar dei fann i fjøra.



«Kyrkja på tur» - 4.klassingar frå Vestnes var med på tur til Kråkvika og deretter til kyrkja.

Kyrkjas fødselsdag - pinsefeiring

Eg er så utruleg heldig som får ha alle desse kjekke arrangementa. :)
Her er det bursdagsmat, dans, fortelling om pinsa etc.



VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope måndag - torsdag kl. 08.30-15.00

Telefaks: 71184231

Øyvind Gundersen, fungerande sokneprest

Telefon: 71184236/ 94846246

E-post: oyvind.gundersen@vestnes.kommune.no

John Sylte, sokneprest

Telefon 71184234/ 91865064

E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

Reidun Blø, kontorsekretær: Telefon: 71184232

E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

Olav Egil Tomren, kyrkjeverje

Telefon: 71184235/ 91629416

E-post: kyrkjeverje@vestnes.kommune.no

Ellen Edvardsen, diakon

Telefon: 71184237/ 97499175

E-post: diakon@vestnes.kommune.no

Ingvild Venås Sánchez, trusopplærar

Telefon: 71184238/ 41472908

E-post: kyrkjelydspedagog@vestnes.kommune.no

Sissel Schiøtt, kantor, Telefon: 71184230/ 95270346

E-post: sissel.schiott@vestnes.kommune.no

Geir Falch, kyrkjetenar, Telefon: 90217404

Nina Kvernmo, konfirmantlærar

Telefon: 95231698 , E-post: nkvernmo@online.no

Heimeside til kyrkjene i Vestnes:

www.vestnes.kyrkja.no



Tomrefjordkonfirmantar 2017

Foto: Karl T. Utgård



Træsfjord- og Vikekonfirmantar 2017

Foto: Karl T. Utgård



Vestneskonfirmantar 2017

Foto: Karl T. Utgård

Kyrkjeverja sitt hjørne

Sommaren er over, og aktivitetane i kyrkja tek seg opp utover hausten. Vi har i sommar hatt gudstenester ute i det fri i alle sokn, noko som har blitt ein triveleg tradisjon i vår kommune.

No startar konfirmantarbeidet med eit nytt konfirmantkull og mange andre aktivitetar retta mot barn og ungdom. Det blir drive eit mangfaldig og rikt arbeid for desse aldersgruppene.

Det skjer stadig noko nytt i kyrkjene og på kyrkjegardane våre. Fiksdal kyrkje har no fått ferdig nytt HC-toalett. Samtidig har vi tatt vekk trappa og hellegangen utanfor tidlegare toalett og erstatta det med ein grusveg med tilgang frå begge sidene. Dette er ei meir praktisk tilrettelegging for alle brukargrupper. På Tresfjord kyrkjegard er det planta til saman ca. 40 meter med hekk i løpet av sommaren, og det gjer at vi har fått sett opp dei hekkane som vi treng der så

langt. Vike kyrkje har skifta over til led-lampar i inngangspartiet. Elles har det vore vanleg slått og vedlikehald på kyrkjegardane våre. Inger Marie Lillevik slutta som vikarprest 1. august og er no tilbake i sin tidlegare jobb som kateket i Bolsøy. Ho har gjort ein flott jobb det knappe året ho har vore her i Vestnes. Vi vil takke henne for det arbeidet ho har gjort her og ønskje henne lykke til i «gamlejobben». Det blir mykje som skjer i kyrkjene våre utover, og vi håper at mange tek seg tid til å komme til gudstenestene og dei andre arrangementa som skal gå føre seg der.

Olav Egil Tomren
kyrkjeverje

Har Du Fyr?

Av Ola Bremnes

Ytterst i verden, ytterst i vest,
kan hende du seile di skute.
Kan hende du seile tilfeldig som gjest,
kan hende du går her i rute.
Uansett treng du et punkt som e fast,
der du frakte di skjøre last.
Det e nok at det står der og brenn,
en trofast gammel venn.

*Har du fyr,
har du løkter langs din vei.
Har du fyr,
et signal om riktig lei.
Ei lampe som gløde i mørket,
og løse dæ ut og frem.
Som tar dæ bort og hjemmefra,
men også tar dæ hjem.*

Vårherre sa det da jorda vart te,
la det bli lys, og det ble det.
Så sette han sol og måne og stjérne,
opp så vi kunne se det.
Men de som Han glemte i skapningens gry,
var alle de som e dømt til å fly,
på havet i vær og vind,
mens skodde og mørke sett inn.

Et landemerke for håp og drøm,
helst sku vi la det bemanne.
Der skarven flyr, og der seien svøm,
ute på kanten av landet.
Et hus i havet som står 'an av,
og gjør en seilar så gla så gla.
Og rope så sjøen skvett,
æ vil bli sett.



Ny vikarprest frå hausten

I august begynte Øyvind Gundersen som ny vikarprest i Vestnes kommune. Han er 31 år gammal og kjem frå Nord-Norge. Han skal vere sokneprest for Tresfjord og Vike sokn.

Utdanninga hans er: bachelor i teologi ved Misjonshøyskolen i Stavanger og første året master i teologi ved Fjellhaug skoler i Oslo. Øyvind avslutta utdanninga si ved Misjonshøyskolen i Stavanger denne våren.


I sommar har han vore vikarprest i Alta, der han også hadde 5 veker stiftspraksis.

Det er planlagt ordinasjonsgudsteneste i Molde domkirke den 1. oktober. Han ser fram til å jobbe i Vestnes, så ta vel i mot han!

BARNAS SIDE

Fargelegg!

Vær ikke bekymret!
sier Jesus.



Finn navn på 8 ting med hjul!

Åtte ting med hjul er gjemt i rutenettet under.

Navnene står bortover og nedover.

K	V	I	T	T	I	B	O	B	B
O	M	R	U	L	L	A	T	O	R
S	K	Y	B	O	A	R	D	R	M
K	A	L	L	I	F	N	U	G	O
O	M	P	A	P	A	E	L	G	P
M	O	S	K	I	K	V	A	L	E
S	K	A	T	E	B	O	A	R	D
I	S	K	D	A	I	G	O	M	P
S	Y	K	K	E	L	N	U	B	I
O	R	U	L	L	E	S	T	O	L
T	A	T	A	T	R	U	D	E	L

– Pappa, er det sant at tante Magda synger for de innsatte i fengselet hver søndag?
– Ja, gutten min. Det er en del av straffen.

Vitser

Det lille tusenbeinet hadde fallt og slått hull på alle buksekneerne sine. Men moren satte bare på en tusenlapp.

Finn 5 feil

Tegninger: Ziyue Chen

Jesus lærte folket om Gud.

Finner du de fem feilene på bildet til høyre?



Vi anbefaler barnebladet BARNAS!

Denne siden
er hentet
fra bladet.



**Bestill
abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00.**

Slekters gang

Fiksdal kyrkje

Døpte:

23.04 Sofie Pedersen Vik

Vigde:

29.07 Lovise og Kirstian Arion Frostad

Døde:

30.04 Ann Sissel Fjærli

29.06 Oddbjørn Ellingseter

Vestnes kyrkje

Døpte:

12.03 Edvard Relling Bredeli

12.03 Aurora Eileen Vik Djupvik

26.03 Fredrik Danielsen Hølgenes

26.03 Isabella Smogeli Johansen

16.04 Leonard Rypdal Baltzersen

16.04 Janne Sofie Hagen Gjøstøl

21.05 Daniel Mwangi Bjørlykhaug

21.05 Trym Nerland-Engeset

04.06 Anea Vik Brunvoll

04.06 Emil Aas-Risvik

09.07 Alma Wulff Eriksen

09.07 Vilje Øverås Kvamsøe

16.07 Arne Håseth Andersen

(døpt i Eid kyrkje)

30.07 Cornelia Thoresen

30.07 Liv Tuva Aarnes Thoresen

20.08 Marie Skavnes Vik

20.08 Sondre Elias Sundet

Vigde:

07.06 Line Venås og Magnus Rishaug

24.06 Gunn Marie Sævareid og
Hans Rebbestad

22.07 Emma Øverås og
Martin Sangdee Lid

12.08 Silje Sanden Skogvoll og
Ole Leon Skogvoll Sanden

Døde:

10.03 Nelly Amalie Lyngvær

11.03 Petter Hals Tomren

13.03 Algot Bergum

13.03 Edit Alise Gjelstenli

01.04 Steinar Hageløkken (gravl. På Lesja)

30.03 Asle Nerås

02.04 Alf Inge Krohn

01.05 Helga Kristine Ulvestad

18.06 Inge Mekvik (gravl. I Eide)

12.07 Randi Orvik Grüner

18.07 Elisabet Tangen

20.07 Else Elida Unhjem

31.07 Hjalmar Reidar Neraas

Tresfjord kyrkje

Døpte:

19.03 Maria Oldericia Dybvik

13.04 Julia Vikås

17.04 Luna Tesfaye Bjermeland

17.05 Bella Tomine Nerheim-Moen

16.07 Olve Skarbø-Roaldsnes

(døpt på Stall Kjersem)

Vigde:

03.06 Ann Kristin Vestnes og
Bård Andre Kvål

10.06 Benedikte Ulrich og
Arne Amundsen

17.06 Line Åshild Holmen og
Raymond Are Heggdal
(vigd på Stall Kjersem)

24.06 Natalia Nefedova og
Karl Benni Nerheim

01.07 Ellen Merete Myrstrand Taklo og
Arnfinn Stige

05.08 Nina Moløkken og
Lars Bjørnar Eidhamar Lenning

Døde:

07.05 Sigmund Magnus Sylte

11.06 Kjell Skjegstad

09.07 Bergljot Eidhamar

18.07 Klara Ranveig Øvstdal

Vike kyrkje

Døpte:

02.07 Amelia Melland Hjelle

Vigde:

01.07 Kjersti Gisnås og
Arne Georg Gleditsch

Døde:

05.03 Bergljot Helde

13.04 Anne Grethe Legernes



KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Kari Moe Elgsaas, Asbjørn Gisnås,
Audbjørg Gjerde Lippert, Kari Nakken og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, Myra 3, 6390 Vestnes

*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha
forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet,
til å ta kontakt med redaksjonen.*

Gåver til drift og distribusjon av
Kyrkjebladet er kjærkomne.

Kontonummer 4056.20.62124

*Det er muleg å bestille bladet
for dei som bur utanfor kommunen.*

Gudstenester i Vestnes

(med etterhald om evt. endringar)

27. august 12. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar.

Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

Fiksdal kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar.

Konfirmantjubileum for 50-, 60- og 70-års-konfirmantar. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

03. sept. 13. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til Redd Barna.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Gudsteneste med presentasjon av konfirmantar. Takkoffer til Wycliffe.

10. sept. Vingardssøndag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Hausstakkefest. Utd. til 4-åringar.

Takkoffer til Misjonsprosjektet.

17. sept. 15. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Hausstakkefest. Utd. til 4-åringar.

Takkoffer til IKO.

24. sept. 16. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Hausstakkefest. Utdeling til 4-åringar.

Takkoffer til Topp Safari.

01. okt. 17. s. i treeiningstida

Vike kyrkje kl. 11.00

Hausstakkefest.

Utd. til 2- og 4-åringar.

Takkoffer til Topp Safari.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Kveldsgudsteneste. Nattverd.

Takkoffer til Den norske israelsmisjonen.

08. okt. 18. s. i treeiningstida

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd. Takkoffer.

15. okt. 19. s. i treeiningstida

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Reformasjonsfest. Nattverd.

Takkoffer til Misjonsprosjektet i Etiopia.

22. okt. 20. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Misjonsgudsteneste for alle 4 sokna i Vestnes. Nattverd. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Mali.

29. okt. Bots- og bededag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Høgmesse. Nattverd.

Takkoffer til Kirkelig ressurscenter.

05. nov. Alle Helgens dag

Fiksdal kyrkje kl. 11.00

Helgemessegudsteneste. Takkoffer.

Tresfjord kyrkje kl. 18.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Bibelselskapet.

Vike kyrkje kl. 11.00

Helgemessegudsteneste.

Takkoffer til Diakoniarbeidet i soknet.

Vestnes kyrkje kl. 18.00

Minnegudsteneste.

Takkoffer til Blå Kors.

12. nov. 23. s. i treeiningstida

Forsamlingshuset i

Tomrefjord kl. 16.00

Familiegudsteneste. Nattverd.

Utd. til 5. klasse frå Tomrefjord. Takkoffer til Forsamlingshuset.

19. nov. 24. s. i treeiningstida

Tresfjord kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Nattverd.

Lys vaken. Utd. til 5. klasse frå Vike og Tresfjord. Takkoffer til Trusopplæringa i soknet.

Fiksdal kyrkje kl. 16.00

Familiegudsteneste. Nattverd.

Utd. til 5. klasse.

Takkoffer.

26. nov. Kristi Kongedag

Vestnes kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Fengselsarbeid.

Vike kyrkje kl. 18.00

Lysmesse. Konfirmantane deltek.

Takkoffer til Konfirmantarbeidet i soknet.

